

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 12.11.2019

June Indrevik (H) sette fram prosjektleiar sitt forslag til innstilling.

Avrøysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner Vestland sine verna kulturminne utgjer ein viktig del av den regionale og nasjonale kulturarven.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer å stimulere kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunane sine kulturminneplanar og prioritere verneverdige kulturminne av regional verdi.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer for ordninga tilskot til verna kulturminne i Vestland.